



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

Løyve til utslepp frå Flokenes Fiskefarm AS og Sandnes Fiskeoppdrett AS på lokaliteten 13568 Storevik i Askvoll kommune

Flokenes Fiskefarm AS og Sandnes Fiskeoppdrett AS får løyve til utslepp for produksjon av 3120 tonn MTB laksefisk på lokaliteten Storevik på visse vilkår. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16

Fylkesmannen vurderer at ei utviding av biomasse ved lokaliteten i ytre del av Førdefjorden er i strid med § 4 og § 5 i naturmangfaldlova om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar.

Vi viser til søknad frå Flokenes Fiskefarm AS av 13.02.2020 som blei oversendt frå Vestland Fylkeskommune den 17.02.2020, med ettersending av kommunal uttale av 20.05.2020.

Fylkesmannen i Vestland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet er ikkje gyldig før Vestland Fylkeskommune har gjeve nytt løyve etter Akvakulturlova.

Fylkesmannen har lagt vekt på ulempene ved tiltaket og samanhalde desse med dei andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemdene kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Vi understrekar at all forureining frå verksemdene isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemdene å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18.

At det er gitt løyve til forureining, frittek ikkje frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemdene å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er



nemnd i løyvet. Vi viser til www.miljodirektoratet.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemdene.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Om saka

Tidlegare drift

Det har vore godkjent akvakulturanlegg i dette området tidlegare over lang tid. Fylkesmannen har tidlegare skrive fråsegn til oppdrett på lokaliteten (1988) og utsleppsløyve som omfattar 12 000 m³ laksefisk (1993). Flokenes Fiskefarm AS fekk i samband med tildeling av ny konsesjon utvida produksjonsvolumet til 24 000 m³ i 2004. Ramma for produksjonsvolumet vart omgjort til ny ramme på 1560 tonn MTB i 2006. Lokaliteten vart sletta av Fiskeridirektoratet i 2016.

Flokenes Fiskefarm AS fekk nytt løyve til produksjon av 1560 tonn MTB av laks, aure og regnbogeaure på lokaliteten i 2019. Det vart også gitt løyve til endra anleggsplassering innafor akvakulturområdet. Fylkesmannen behandla søknaden etter forureiningslova, og ga fråsegn til fylkeskommunen etter naturmangfaldslova. Verksemdene har ikkje starta ny drift på lokaliteten sidan løyvet vart gjeve.

Søknaden

Flokenes Fiskefarm søker om å få doble biomassetaket på lokalitet Storevik frå 1560 tonn til 3120 tonn MTB. Søknad om endring skyldast samlokalisering med Sandnes Fiskeoppdrett og for å møte eventuelle krav om brakklegging.

Det er ikkje søkt om endring av areal eller endring av oppdrettsart.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming av søknaden

Søknaden var kunngjort i Norsk Lysingsblad, Firda og Firdaposten, og har vore lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 25.02.2020 – 27.03.2020. Det kom ikkje inn merknader til søknaden.

Askvoll kommune ser ikkje at tiltaket med utviding vil føre til vesentlege ulemper. Administrasjonen i kommunen skriv at utviding av biomassen vil vere positivt for søkjar og utan nokon store interessekonfliktar.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. Vi viser til oversendingsbrev og fråsegn frå søknadsarbeidet i 2019 som er vedlagt.

Naturverdiar i området og miljøpåverknad frå produksjonen

Lokaliteten Storevik ligg vest i Gjelsvika i Askvoll kommune. Det er ein skjerma lokalitet som munnar ut i ytre del av Førdefjorden. Botnen under planlagt anlegg skråar i nordaustleg retning, og djupna varierer frå 80 – 180 meter. Her består botnen i hovudsak av kompakt leirhaldig sediment, blanda med



grus og småstein. Nærast land er store delar av botntopografien under anlegget forholdsvis flat, homogen og lite kupert, medan nærare midten av Gjelsvika skråar det mot ei flate. Denne flata grensar mot Førdefjorden utan nokon terskel.

Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land. Naturbase¹ og andre offentlege databasar med miljødata (Fylkesmannen si kartteneste Fylkesatlas², Lakseregisteret³, Vann-Nett⁴, Vannmiljø⁵ og Fiskeridirektoratet si kartteneste Yggdrasil⁶) har litt data i området:

1. Lokaliteten Storevik ligg i vassførekomsten *Førdefjorden-ytre* (ID-nr 0281010202-C i Vann-Nett). Registrerte påverknader i denne delen av vassførekomsten er diffus avrenning frå spreidd busetnad og fiskeoppdrett, samt punktutslapp frå kommunalt avløp på Kvammen. Det er også planlagt deponering av gruveavfall i Førdefjorden, arbeidet er planlagt starta i løpet av 2022.
2. Delar av Gjelsvika og Førdefjorden er registrert som fiskeplass for yrkesfiske etter artar av kvit fisk og reker.
3. Lokaliteten ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge. Området rundt Storevik har ein høg konsentrasjon av akvakulturanlegg som til dels har hatt høge målingar av lakselus.
4. Lokaliteten ligg om lag 8,5 km utanfor grensa for den nasjonale laksefjorden i Førdefjorden. Det er ingen større laksevassdrag like ved Storevik, men sjøaurebestanden i Gjelsvikelva er kategorisert til «omsynskrevjande».
5. Askvoll Fiskarlag har registrert eit gytefelt for lyr og oppvekstområde for torsk, sild, kveite og hyse innerst i Gjelsvika, omkring 3 km søraust for omsøkt lokalitet.
6. Det er større tareskogførekomststar i Storevika. Ny overgangssone for 3120 tonn MTB vil overlape med modellert tareområde.

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslapp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikaliar og avfall/ farleg avfall kan medføre fare for akutte utslapp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

Fylkesmannen i Vestland har systematisert koparmålingar frå dei siste åra frå oppdrettsanlegg i Hordaland som nyttar koparhaldig notimpregnering. Dei har funne at det kan vere svært høge nivå av kopar i sedimentet og stor auke i koparnivåa på kort tid, spesielt på lokalitetar som spylet nøtene medan dei står i sjø. Datagrunnlaget syner også at det i snitt er 3 gonger høgare koparkonsentrasjon i sedimentet under anlegget ved merdkanten, enn i ytterkanten av nærsona nokre titals meter ut frå anlegget. Oppkonsentrering av kopar i sedimentet kan påverke botnfaunaen negativt og medføre ein fare for at den naturlege nedbrytinga av dei organiske utslappa frå anlegget vert redusert eller stoppar opp. Medan organisk overbelastning er ein reversibel prosess, dersom tiltak vert sett inn i tide, vert kopar som har bygd seg opp over tid, ikkje brote ned naturleg. Miljøforbetring for sediment som er overbelasta med kopar skjer langsamt, gjennom uttynning/ overdekking med nytt sediment

¹ <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

² <https://www.fylkesatlas.no/>

³ http://lakseregister.fylkesmannen.no/a3_laksekart/Lakseregisteret

⁴ <https://www.vann-nett.no/portal/>

⁵ <http://vanmiljo.miljodirektoratet.no/>

⁶ <https://kart.fiskeridir.no/>



som vert danna, og miljøtilstanden vert såleis ikkje nødvendigvis betre på kort sikt, sjølv om tilførslane av kopar vert stansa. Lokaliteten si bæreevne kan dermed bli permanent redusert.

Dei organiske utsleppa til vatn som eit anlegg har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart for å ikkje overbelaste miljøet. Akvakulturanlegg er difor pålagt hyppig miljøovervaking på lokaliteten gjennom akvakulturdriftsforskrifta (B-granskingar etter Norsk Standard (NS) 9410), og har også vilkår i løyvet etter ureiningslova om meir omfattande granskingar av resipienten med jamne mellomrom (C-granskingar etter NS 9410, m.m.).

Auka bruk av legemiddel til avlusing har dei siste åra fått auka merksemd. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botn. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gje eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter. Noreg har målsetnad om å redusere og stanse utslepp av prioriterte miljøgifter til miljøet.

Det er gjort granskingar av miljøtilhøva i og rundt lokalitetsområdet i samband med søknaden. Botn og straum-tilhøva er kartlagt, og det er gjort granskingar av miljøtilstanden for botnfaunaen i sedimenteringsområde. Resultata er omtalt i rapportar frå Nearshore Survey, SubAquaTech og DNV GL AS.

I tillegg til vedlagt miljødokumentasjon nyttar Fylkesmannen eventuelle data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder, som utfyllande informasjon for å vurdere miljøtilstand og -påverknad i området.

Eventuelle spesielle naturverdiar og dagens tilstand i miljøet rundt lokaliteten er ikkje undersøkt utover det som er nemnt over om databaseregistreringar, straum og botnfauna/sediment. Det føreligg difor ikkje detaljert kunnskap om alle sårbare artar og naturtypar som kan finnast i nærleiken. Den generelle kunnskapen om korleis eit akvakulturanlegg kan påverke naturverdiar, og kor mykje eller lite ein kan forvente at eit anlegg som blir etablert her kan påverke sine omgivelser, er også mangelfull.

Havforskningsinstituttet oppsummerte i 2016⁷ den generelle kunnskapen ein har om effektar av utslepp frå akvakulturanlegg på ulike marine naturtypar og nøkkelområde for biologisk mangfald. Dei reknar t.d. tareskog som ein relativt robust naturtype med evne til rask reetablering, medan t.d. ålegrasenger og andre grunne blautbotnområde er meir sårbare naturtypar som kan bruke lang tid på å rehabilitere seg. For gyteområde vert det vist til kunnskapsmangel om korleis organiske utslepp og utslepp av avlusingsmidlar frå akvakultur kan påverke. Ei generell vurdering er at det er mindre fare for stor negativ påverknad på artar og naturtypar når avstanden vert over ein kilometer eller meir.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for vilkår

Dokumentasjonen som er vedlagt søknaden er den same som var vedlagt søknaden i 2017. Det har ikkje vore drift på lokaliteten i mellomtida. Søknaden har vedlagt strømmåling og B- og C- gransking ved lokaliteten. Det er også gjennomført fleire MOM-B granskingar ved den sletta lokaliteten på Storevik. I Førdefjorden er det utført miljømålingar og konsekvensutgreiing i forbindelse med deponering av gruveavfall.

⁷ http://www.imr.no/filarkiv/2016/04/effekter_av_utslipp_fra_havbruk_pa_rodlista_marine_habitat.pdf/nb-no



Søknaden har vedlagt ei miljøovervaking frå 2014 (DNV-GL 2014-1164) med gransking av botnfaunaen etter C-granskingsmetodikk (jf. Norsk Standard NS 9410) på seks punkt. Dette er ei samla gransking for lokalitetane til Flokenes Fiskefarm; Storevik, Skorva og Dyvika. Ved Storevik var det gjort målingar ved to punkt: nærsone, overgangssone og fjernsone. Lokaliteten hadde på tidspunktet for prøvetaking ikkje hatt produksjon i tre år. Resultata viste «god» til «svært god» tilstand for botnfauna. Det vart registrert både sensitive artar for organisk overbelastning, og opportunistiske artar som er meir robust for organisk overbelastning. Kjemiske prøvar av sedimentet viste låge konsentrasjonar av total organisk karbon, tilsvarande tilstandsklasse «svært god». Resultat av oksygentilhøva i vassøyla frå overflata til botn viste høge verdiar, tilsvarande tilstandsklasse «svært god».

Vi har motteke ei ny C-gransking med rapportdato frå 2019 (Åkerblå MCR-M-18177-Storevik) med gransking på fire punkt. Dette er ei gransking av lokaliteten Storevik. Resultata viste «god» til «svært god» tilstand for botnfauna på alle stasjonane innanfor overgangssona. Kjemiske prøvar av sedimentet viste låge konsentrasjonar av total organisk karbon, fosfor og nitrogen. Tilstand vart sett til «svært god» på alle stasjonane.

NIVA utførte i 2007 (O-27199 WP1-WP2) ei gransking av faunatilstanden i Førdefjorden. Klassifisering av tilstand for botnlevande fauna viste tilstandsklasse «god» til «svært god» i to av punkta som var i relevant nærleik for Storevik. Nivået av artstal var noko lågare enn tilsvarande resultat i C-granskinga frå 2014.

B-granskingar på lokaliteten Skorva, som har liknande botntypografi som ved Storevik, viser at resipienten har ei god evne til nedbryting av organiske utslepp.

Det er gjort to straummålingar frå 2017 på fire djup omkring 100 meter vest for lokaliteten: 5, 15, 47 og 70 meter. Resultata er oppsummert i førehandsgransking levert med søknaden (Sub Aqua Tech FORUND0005). Det var liten variasjon på straumretning (relativ fluks) på dei fire prøvepunktene. Alle resultata viste dominerande straumretning mot nordvest og søraust. Det var periodar med høg straumstyrke mot søraust, medan straummønsteret i hovudsak varierte mykje mot nord-nordvest. På 5, 15 og 47 meter djup vart det målt gode straumforhold og gjennomsnitt straumstyrke vart klassifisert som «sterk». Mot botn er straumstyrken redusert, og gjennomsnitt straumstyrke vart sett til tilstandsklasse «svak».

Samla sett verkar straumtilhøva på lokaliteten å vere tilfredsstillande for å gje ei moderat spreining av utslepp frå eit anlegg her. Straumstyrken i vassøyla verkar å vere sterk med få straumsvake periodar. Den samla trenden frå alle djup viser eit forholdsvis uryddig straummønster, der tidevatnet pregar retninga på straumen ved alle måledjup. Straumen vekslar mellom nordvest og søraust. Dette gjev også utslag i ein låg Neumann-parameter. På 70 meter djup gjekk nettostraum i retning sør-sørvest, noko som kan til tider føre organisk material samlar seg opp lenger inn i Gjelsvika, som er rekna som ein svakare resipient enn Førdefjorden. Fylkesmannen si vurdering er at utslepp frå Storevik vil kunne bidra til auka organisk sedimentering til dette området. Det kan på eit seinare tidspunkt bli stilt krav til utvida miljøovervaking av dette området, der alle verksemder som har utslepp til denne resipienten vil bli pålagt å delta.

Anlegget vil ligge tett på i eit rekefelt, samt ved sida av eit gytefelt. Reker og andre krepsdyr er nøkkelartar i det marine økosystemet. Gytefeltet langs kysten er grunnlaget for fiskeressursane våre. Desse områda vil vere sårbare for utslepp av legemiddel brukt mot lakselus. Utviding av biomassen av laksefisk ved Storevik kan gi eit større behov for kjemisk avlusing dersom ikkje andre metodar er nok, og vil då kunne påverke reker, krepsdyr og anna marint liv i området rundt anlegget.

Sjølv om det er kunnskapshol om det marine naturmangfaldet, og om verknader av akvakultur på naturmangfaldet generelt, er kunnskapsgrunnlaget likevel ikkje vurdert som så mangelfullt at



Fylkesmannen ikkje kan ta stilling til om det kan gjevast løyve til utviding her. Dei andre miljøfaglege prinsippa i naturmangfaldlova må leggjast vekt på når ein skal vurdere om utsleppa er forsvarlege for miljøet.

Vi vurderer at det ikkje er sannsynleg at ureining og utslepp organisk materiale frå den omsøkte aktiviteten vil føre til at irreversibel miljøskade vil oppstå, med dei vilkåra som er sett til løyvet. Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i vår sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebyggje ureining. Fylkesmannen stiller difor ei rekkje krav (vilkår for løyvet) som gjeld drifta ved anlegget, for å halde utsleppa på akseptable nivå – gode driftsrutinar gjev mindre utslepp. Føremålet med å setje vilkår for løyvet er å mest mogleg hindre, minimalisere og førebyggje skade og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemdene. Dette gjeld for både støy, lukt og ureining til vatn eller grunn. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Ut frå prinsippa om økosystembelastning og miljøforsvarlege teknikkar i naturmangfaldlova, må drifta følgjast opp med miljøovervaking for å kunne fange opp eventuell negativ utvikling tidleg nok til at tiltak kan setjast inn, og miljøskade unngåast. Overvakingssopplegget må tilpassast nyaste NS 9410-utgåve, sjå avsnittet lenger ned om miljøtilstand og overvaking.

Produksjonsforhold og drift

Eit tradisjonelt ope, flytande akvakulturanlegg er ikkje tilrettelagt for reinsing, oppsamling eller måling av utsleppa som følgjer av produksjonen i form av overskotsfôr, ekskrement frå fisken, kjemikalie- og legemiddelbruk, osb. Inntil det eventuelt vert sett strengare felles nasjonale bransjekrav til alle flytande akvakulturanlegg, må utsleppet difor regulerast indirekte på "innsatssida", og ikkje som ei direkte avgrensa utsleppsmengd. Utsleppa frå anlegget er i dette løyvet indirekte regulerte gjennom å setje ei ramme for produksjonen, setje utsleppsreducerande vilkår til drifta, og setje krav til at miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå.

Anlegget må, sjølv om dei har utsleppsløyve, ta nødvendige omsyn til marine økosystem og enkeltartar som dei kan påverke. Dette gjeld aktivitetar som til dømes flytting/ utlegging av fortøyingar som fysisk kan skade marint liv og naturtypar, gjenteken bruk av avlusingskjemikal som kan skade krepsdyr og andre marine organismar, utslepp som kan gje nedslamming av ålegras-, korall- eller svampområde, spyling av koparimpregnerte nøter, og anna aktivitet som kan gje skade. Dersom det vert påvist/mistenkt at aktivitetar ved eller utslepp frå anlegget har negativ verknad på viktige marine artar eller naturtypar, vil det kunne bli sett nye vilkår til løyvet for å hindre/minske dette, eller løyvet kan bli redusert eller trekt tilbake.

Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser for kjemikalier, legemiddel m.m., og utsleppsløyvet er ikkje til hinder for nødvendig bruk av dette på lokaliteten. Men anlegget må vise aktsemd for å unngå utslepp som gjev fare for negativ påverknad på økosystemet. Vi viser til plikta som følgjer av produktkontrollforskrifta § 3a om substitusjon (vilkår 6), om å velje dei teknikkar og kjemikalier som har minst mogleg skadeverknad for helse og miljø når dette er mogleg. Verksemdene må t.d. vurdere om det er mogleg å bruke førebyggjande eller andre metodar med mindre miljørisiko som alternativ til bruk av legemiddel.

Dersom fisken på lokaliteten skal behandlast med legemiddel, er det viktig at verksemdene informerer veterinæren/fiskehelsebiologen som skriv ut legemiddelet om tilhøve på lokaliteten eller i resipienten som har noko å seie for korleis miljøeffekten av utsleppet av legemiddelet vert. Dette kan t.d. vere kjennskap til artar og naturtypar rundt lokaliteten som kan påverkast negativt, og lokale tilhøve som djupne- og straumforhold, som har noko å seie for spreinga av utsleppet



I vilkår 3 er det sett krav om å minske utslepp som følge av fôring. Det er også sett krav om at død fisk skal takast opp av merdane før han går i oppløysing. Organisk avfall kan utnyttast som ein ressurs og skal difor takast vare på. Fisk som går i oppløysing utgjer ei dårleg utnytting av ressursar og ei tilleggsbelastning på miljøet i resipienten.

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden, jf. vilkår 7. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Jamvel om verksemdene held seg innafor grenseverdiane sett for støy, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette gjeld mellom anna skjerming av aggregat, vifter og liknande.

Lysregulering av veksttilhøve kan legge til rette for ein meir effektiv produksjon. Lysbruk som ikkje er avskjerma har samstundes vist seg å kunne vere til stor ulempe for omgivnaden. Kravet om lysavskjerming for produksjonslys, og omsyn ved bruk av lys ved aktivitet på kvelds- og nattestid i vilkår 7 må difor sjåast i samanheng med § 11, 4. ledd i ureiningslova.

Miljøtilstand og overvaking

Verksemdene pliktar å ha så godt oversyn som praktisk mogleg over eigne utslepp, og verknadene av utsleppa. Overvaking av miljøtilstand og mogleg endring av tilstanden i resipienten vil avgjere om utsleppa kan vere forsvarlege også i framtida. Det vil seie at verksemdene ut frå risikovurderingar i internkontrollen og vilkåra i utsleppsløyvet må etablere eit program som dokumenterer at utsleppa frå ordinær drift på lokaliteten vil vere forsvarleg, både i høve til overflatelag og stranda i nærområdet til anlegget, og vassmassar og sjøbotn i resipienten elles. Miljøtilstanden skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå, og det er sett nokre konkrete krav til overvakinga (vilkår 12).

Det er eit standardkrav til oppdrettsanlegg i Vestland at strandsona skal overvakast jamleg for synleg påverknad, jf. vilkår 12.2 i utsleppsløyvet. Det er også eit standardkrav i løyvet at overvakinga skal vere risikobasert, altså at overvakinga skal vere tilpassa dei utsleppa ein har, og den miljøpåverknaden ein kan vere årsak til.

Det er registrert større tareskogførekomstar⁸ innafor overgangssona (400 meter) til anlegget. Tareskogområdet er ikkje validert i felt, men modellert i eit nasjonalt prosjekt gjennomført av NIVA (rapport⁹). Verksemdene skal overvake tilstanden til makroalgane i dette området i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta¹⁰, jf. vilkår 12.3 i utsleppsløyvet.

Verksemdene kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei granskingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Ansvar for å ha god nok kunnskap om eigne utslepp og verknaden av dei, vil ligge på verksemdene. Verksemdene skal vurdere behovet for både substitusjon og miljøovervaking/ miljødokumentasjon ut frå dei utsleppa dei har.

Miljøovervakinga av påverknaden på sjøbotn skal som eit minimum tilfredsstillende krava i den til ei kvar tid gjeldande Norsk Standard NS 9410. Standarden gjev rettleiing om måleparameter, granskingsfrekvens, talet på og plasseringa til prøvepunkt, når i produksjonszyklusen granskingane bør gjennomførast, m.m. Vi gjer merksam på at NS 9410 er ein minimumsstandard. Ved tvil, eller

⁸ <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00121917>

⁹ <https://niva.brage.unit.no/niva-xmlui/handle/11250/2646391>

¹⁰ http://www.vannportalen.no/globalassets/nasjonalt/dokumenter/tema-a-a/klassifisering/klassifiseringssystemet-veileder/klassifiseringsveileder_print_02.2018.pdf



eventuell motstrid mellom vilkår i utsleppsløyvet og krav som gjeld C-gransking i standarden, skal Fylkesmannen kontaktast for rettleiing og tolking.

Nokre særskilt viktige punkt:

- C-gransking etter NS 9410:2016 skal gjerast ved første maksimale belastning i produksjonen. Omgrepet «maksimal belastning» refererer til når det ut frå høg fiskebiomasse og høg førmengd blir mest organisk belastning på botn i løpet av ein produksjonssyklus. Minimumsfrekvensen for vidare C-granskingar går fram av NS 9410, og følgjer av tilstanden i resipienten. Eventuelle ønskje om å fråvike standard metodikk eller frekvens i NS 9410, må avklarast med Fylkesmannen som unntak frå/ending av løyvet.
- Verksemdene skal ved neste C-gransking måle kopar (snitt av minst 5 målingar) på botnen der anlegget har lege fram til sletting i 2016, jf. vilkår 12.4 i utsleppsløyvet.
- Vert det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste B-gransking på maksimal belastning måla kopar langs merdkant for å synleggjere det lokale avtrykket anlegget set.
- Ved indikasjon på negativ utvikling i miljøtilstand, bruk av koparimpregnerte nøter som vert reingjort med spyling på lokaliteten, eller bruk av miljøskadelege kjemikaliar og legemiddel, skal utvida overvaking vurderast som del av det risikobaserte overvåkingsprogrammet.
- Verksemdene skal overvake strandsona og nærliggande tareskogområde, jf. vilkår 12.2 og 12.3 i løyvet. Plan for overvakinga som skal sendast inn til Fylkesmannen seinast 3 månadar etter oppstart

Granskingsomfanget må elles ha eit klårt fokus på at granskingane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsleppa frå anlegget, utstrekninga til effektane, og i den grad det er mogeleg også utviklingstrendar. Granskingane skal elles vere tilpassa utsleppa verksemdene har, og ein kan eventuelt samarbeide med andre som har utslepp til same område.

Avfall

Avfall skal handterast på forsvarleg måte, slik at det ikkje oppstår fare for forureining eller kan verke skjemmande. Alt avfall som verksemdene sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre Fylkesmannen eller Miljødirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan ta imot avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. Kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Tvilsspørsmål må takast opp med Fylkesmannen. Dumping av død fisk eller anna avfall i sjø, nedgraving på land eller brenning er ikkje tillate.



Utslepp av plast

Eit oppdrettsanlegg er laga av plast, og slitasje vil medføre tilførsel av mikroplast til det marine miljøet. All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal oppdrettar utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette, jf. vilkår 9.4 i utsleppsløyvet. Oppdrettar må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast og mikroplast.

Naturmangfald

Dei miljørettslege prinsippa (§§ 8-12) etter naturmangfaldlova skal vere retningsgjevande for all offentleg utøving av mynde som vedkjem naturmangfaldet. Det er eit krav at vurderingar av prinsippa skal gå fram av vedtaket. Fråsegn frå Fylkesmannen er ikkje eit vedtak, men skal gje fagleg saksopplysning til Vestland fylkeskommune si avgjerd etter akvakulturregelverket.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket får konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Vi vurderer tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova, og vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova, vassforskrifta og laksetildelingsforskrifta § 30. Miljøverknader direkte knytt til utsleppa frå omsøkt produksjon er omtalt og vurdert i utsleppsløyvet og oversendingsbrevet for dette.

Vill laks og sjøaure

Fylkesmannen har som oppgåve å vurdere den samla belastninga på fjordsystemet i Førdefjorden, og vurdere kva påverknad tiltaket har på habitatet og den økologiske funksjonen i heile fjorden. Vi viser også til vår fråsegn frå 2019 som vurderte konsekvensar på naturmangfald for etablering av lokaliteten Storevik. Kunnskapsgrunnlaget for påverknad på vill laks og sjøaure frå oppdrett er godt dokumentert og blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Kunnskapen vi har om påverknad frå fiskeoppdrett på ville bestandar tilseier at det er ein direkte samanheng mellom tal vertar i fjorden og tal parasittar som kan infisere dei ville vertsdyra. Auke i biomasse av oppdrettsfisk i Førdefjorden vil ha negativ påverknad på vill anadrom fisk. Det har vore høgt smittepress frå lakselus i fjordsystemet over tid. Samlege av anlegga i drift rundt Svanøy og i Førdefjorden braut med lusegrensene i 2019¹¹.

Utvandrane laksesmolt blir smitta av lakselus frå oppdrettsanlegg. Lokalitetane ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge pga. for stor lakselusbelastning på vill anadrom fisk. Førdefjorden er ein nasjonal laksefjord. Grensa til ligg ca. 8,5 km innanfor lokaliteten Storevik. Det er sannsynleg at ein del av laksesmoltten frå det nasjonale laksevassdraget Nausta og andre laksevassdrag i fjorden vandrar forbi lokaliteten. Jølstra har reduserte bestandar av både laks og sjøaure, og ein eventuell ytterlegare påverknad på desse fiskebestandane vil vere uheldig. Fylkesmannen vurderer at ei utviding av biomasse ved lokaliteten i ytre del av Førdefjorden er i strid med § 4 og § 5 i naturmangfaldlova om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar.

¹¹ <https://www.barentswatch.no/fiskehelse>



Rovfugl

Det er registrert hekkelokalitet for ein rovfuglart som er var for forstyrning ved hekkeplassen nær anlegget. Fylkesmannen har kartfesting for hekkeplassen. Avstanden mellom reiret og anlegget er truleg stor nok til at hekkinga ikkje vert forstyrra.

Anna naturmangfald

Akvakulturanlegg kan generelt sett vere til fysisk skade for naturtypar som f.eks korall- og svampsamfunn gjennom utlegging eller flytting av fortøyingar. Anlegg kan også gje biologiske verknader for fauna i vassøyla eller i/på botn gjennom nedslamming og utslepp av legemiddel. Verknader er oftast lokale, men kan likevel vere alvorlege dersom viktige naturtypar eller sårbart biologisk mangfald vert råka. Marint naturmangfald er dårleg kartlagt i Sogn og Fjordane hittil.

Rundt lokaliteten er det registrert fleire rekefelt, og det er eitt gytefelt for torsk ved lokaliteten. Desse områda vil vere sårbare for utslepp av legemiddel brukt mot lakselus og andre kjemikalier. Etablering av anlegget vil kunne auke den samla belastninga på marint liv i området rundt anlegget. Fiskeridirektoratet region Vest har i si fråsegn til søknaden 17.10.2017 vist til regelverket om at kitinsyntesehemmarar ikkje skal nyttast på lokalitetar som er nærare enn 1000 meter frå rekefelt, noko som gjeld Storevik.

Friluftsliv

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til friluftsområde med nasjonal eller regional verdi som anlegget kan ventast å komme i konflikt med.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsleppsløyve på 3 120 tonn på lokaliteten Storevik.

Verksemdene skal overvake miljøtilstanden på lokaliteten med B- og C-granskingar etter frekvensar gitt i NS 9410:2016, og tilstanden til makroalgane i overgangssona i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta.

Verksemdene kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei granskingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Fylkesmannen vurderer at ei utviding av biomasse ved lokaliteten i ytre del av Førdefjorden er i strid med § 4 og § 5 i naturmangfaldlova om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar. Så lenge situasjonen med lus og andre sjukdommar er som i dag, og bestandane av laks og sjøaure i dei nærliggande anadrome vassdraga er omsynskrevjande, bør det ikkje bli gitt løyve til ei dobling av lokalitetsbiomasse. Med bakgrunn i føre-var-prinsippet §9 i naturmangfaldlova rår difor Fylkesmannen i frå at det vert gitt løyve til endring av biomasse ved lokaliteten.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Flokenes



Fiskefarm AS skal betale 33.300 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløvyet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betydning for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Utsleppsløyve for 3 120 tonn MTB - Storevik - Askvoll - Flokenes Fiskefarm AS
- 2 Utsleppsløyve for 3 120 tonn MTB - Storevik - Askvoll - Sandnes Fiskeoppdrett AS
- 3 Oversendingsbrev frå saksarbeid i 2019 - Storevik - Askvoll
- 4 Fråsegn til søknad i 2019 - Storevik - Askvoll



Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarliste:

Sandnes Fiskeoppdrett AS	Vågsvegen 423	6967	HELLEVIK I FJALER
Flokenes Fiskefarm AS	Førdefjordvegen 3645	6983	KVAMMEN



Løyve etter forureiningslova for matfiskproduksjon på lokaliteten Storevik – Flokenes Fiskefarm AS

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 3 til og med side 12. Dette løyvedokumentet er ajourført 15.07.2020 og erstattar tidlegare løyvedokument.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Fylkesmannen for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	13568 Storevik	
Produksjonskapasitet	3120 tonn MTB matfisk av laksefisk	
Kommune og fylke	Askvoll i Vestland	
Verksemd	Flokenes Fiskefarm AS	
Postadresse	6863 Kvammen	
Org. nummer	958 608 837 (føretaksnr.)	872 013 652 (bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2020.0717.T	4645.0035.01	18/833- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 28,569' N 5° 17,168' Ø	0281010202-C Førdefjorden ytre	Sunnfjord

Løyve gjeve fyrste gong: 15.07.2020	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	Einar Nesse Johnsen rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Endringslogg

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av laksefisk i sjø. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) av matfisk på inntil 3120 tonn på lokaliteten. Løyvet er basert på søknad som oppgir 3500 tonn planlagd årleg produksjon med forventa årleg förforbruk på 4200 tonn.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 3120 tonn MTB, uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 1.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 10.1.

2.8 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdomen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C₂) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøveasjon C₃-C_n) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal verksemda gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Fylkesmannen.

Strandsona i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

² [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i pkt. 3.1.1 og pkt. 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Fylkesmannen kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive. Slike utslepp er tillatne ved lokaliteten uavhengig av om utsleppet skjer frå merd eller frå brønnbåt.

Nøter som er behandla med miljøfarlege kjemikal (inkludert kopar), skal ikkje vaskast eller reimpregnerast på lokaliteten. Grovreingjering av nøter i form av spyling kan tillatast så lenge oppdrettar kan dokumentere med prøvetaking at det ikkje skjer ei oppsamling av kjemikal (kopar og sink) under anlegget som gir ulempe eller skade på miljøet. Blir det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste MOM B-gransking på maksimal belastning takast målingar av kopar i sediment med minimum 5 prøvar langs den ytre merdkanten rundt anlegget, jf. punkt 12.4 i løyvet.

3.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå landbasen, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

3.3 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er mynde for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

3.4 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsmynde.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og landbasen, skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar ved landbasen skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til sjø, grunn eller grunnvatn som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre utslepp til resipient. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknader av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp og avgrense miljøverknader av slike utslepp skal

overvakast og vedlikehaldas regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område på land, og eventuell forureina sediment i sjøområda ved lokaliteten. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreining, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, pliktar ikkje verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyrring.

6.1 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlninga, medrekna omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

6.2 Akkumulering av kjemikal i sedimenta

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at kjemikal, inkludert legemiddel, over tid vert akkumulerte i sedimenta i mengder som overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i eller i medhald av vassforskrifta. Viser miljøundersøkingar at slike miljøkvalitetsstandardar vert overstigne skal verksemda sette i verk tiltak for å redusere utsleppa.

7. Støy og lys

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv8h}$	L_{AFmax}
Kvardagar: 55 dB Laurdagar, sundagar og heilag dagar: 50 dB	50 dB	45 dB	60 dB

I dette vedtaket gjeld:

- L_{pAekyT} : medel (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T
- L_{AFmax} : medel A-veg maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil pågå over fleire dagar, skal førehandsvarslas til berørte naboar.

Verksemnda skal utforme og drive anlegget slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnadene. Aktivitetar som medfører fare for støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7-16.

7.2 Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

Ved aktivitet ved anlegget (fôrflåte og merdanlegg) på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

Verksemnda skal ha eit system for energileiing i verksemnda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. vilkår 2.7. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsetje i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Lagring

Farleg avfall skal lagrast under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like godt vern for miljøet. Lagra farleg avfall skal vere merka slik at det er tydeleg kva som er lagra. Lagerområdet skal vere utilgjengeleg for uvedkomande.

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månadar³.

Kasserte nøter som inneheld meir enn 0,25 prosent koparimpregnering (Cu₂O)⁴, reknast m.a. som farleg avfall.

9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar på land skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

9.4 Mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr frå førslangar til nøter og tauverk.

10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik forureining kan føre til.

Risikoanalysen skal innehalde ein dokumentert omtale av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan bli påverka av forureining frå verksemda.

³ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-8](#)

⁴ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-2 fjerde ledd, jf. vedlegg 2 nr. 1](#)

10.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert skriftleg oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om naudsynt, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁵. Verksemda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

11. Utsleppskontroll og journalføring

11.1 Utsleppskontroll

Verksemda pliktar å systematisk kartleggje eige utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

11.2 Journalføring

Følgjande punkt skal journalførast:

- årleg produksjon
- årleg svinn (daudfisk, tap av fisk)
- årleg fôrforbruk og fôrtype
- impregnering av nót (tidspunkt, namn på virkestoff)
- grovreingjering av nót (tidspunkt, spyling i sjø eller på land)
- årleg forbruk av legemiddel og andre miljøfarlege kjemikal (mengde, namn på virkestoff)
- naboklager på lukt, lys og støy (tidspunkt, kva det vert klaga på)

Journalen skal oppbevarast i fem år.

⁵ [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)

12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga.

Verksemda må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

12.1 Krav til gransking av organisk belastning

Verksemda skal sørge for at trendbaserte C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS9410:2016 blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 Taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultatet av C-granskinga skal dokumenterast i rapport i samsvar med NS9410:2016. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknad frå anlegget og tilrådde utbetrande tiltak.

Viss ei C-gransking syner at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i C3, C4 osv. er dårlegare enn moderat, skal verksemda gjennomføre tilleggsgransking etter nærare avklaring med fylkesmannen i samsvar med NS 9410 (jf. pkt. 8.6.3 i standarden).

12.2 Strandsonegransking

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av utsett strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. All miljøpåverknad som kan tilskrivast verksemda skal dokumenterast med tekst og bilete.

12.3 Makroalgegransking

Verksemda skal overvake tilstanden til makroalgane i strandsone og grunne område⁶ i overgangssonen i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta. Verksemda skal lage ein plan for overvakinga som skal sendast inn til Fylkesmannen seinast 3 månadar etter oppstart.

12.4 Kopargransking

Blir det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste B-gransking på maksimal belastning takast målingar av kopar i sediment med minimum 5 prøver langs merdkanten rundt anlegget.

Verksemdene skal ved neste C-gransking måle kopar (snitt av minst 5 målingar) på botnen der anlegget har lege fram til sletting i 2016.

Dersom det som ledd i C-granskinga er målt kopar i sediment og desse overstig miljøkvalitetsstandard fastsett i medhald av vassforskrifta, skal verksemda kartlegge utbreiinga av

⁶ Grunne område: mindre enn 30 meter djup.

koparforureininga og kva miljørisiko denne inneber. Granskinga av utbreiinga skal gjerast av uavhengig og kompetent organ.

Ein plan for granskinga skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering seinast innan 4 månader etter C-granskinga er rapportert.

12.5 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav til overvaking med hydrografimålingar i løyvet.

12.6 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 12 og 13 der NS9410:2016 er nytta skal sendast fortløpande til Fylkesmannen via Altinn. Andre rapportar blir å sende til Fylkesmannen i Vestland. Rapportane skal innehalde resultat og ei fagleg vurdering av resultat.

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12 som inneheld klassifiseringsdata i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar nr 2-2018, skal også fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø⁷. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finn ein og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

13 Granskingar og utgreiingar

Verksemnda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemnda kan og bli pålagt å betale ein høvesvis del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

13.1 Utarbeiding av støysonekart

Det er ikkje sett krav til utarbeiding av støysonekart i løyvet.

14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemnda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemnda sine utslepp, skal verksemnda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

15. Eigarskifte

Dersom verksemnda blir overdregen til ny eigar, skal verksemnda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

⁷ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn:
<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

16. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁸. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

⁸ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350



Løyve etter forureiningslova for matfiskproduksjon på lokaliteten Storevik – Sandnes Fiskeoppdrett AS

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 3 til og med side 12. Dette løyvedokumentet er ajourført 15.07.2020 og erstattar tidlegare løyvedokument.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Fylkesmannen for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	13568 Storevik	
Produksjonskapasitet	3120 tonn MTB matfisk av laksefisk	
Kommune og fylke	Askvoll i Vestland	
Verksemd	Sandnes Fiskeoppdrett AS	
Postadresse	Vågsvegen 423, 6967 Hellevik i Fjaler	
Org. nummer	935 415 039 (føretaksnr.)	972 114 464 (bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2020.0718.T	4645.0035.02	18/833- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 28,569' N 5° 17,168' Ø	0281010202-C Førdefjorden ytre	Sunnfjord

Løyve gjeve fyrste gong: 15.07.2020	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	Einar Nesse Johnsen rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Endringslogg

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av laksefisk i sjø. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) av matfisk på inntil 3120 tonn på lokaliteten. Løyvet er basert på søknad som oppgir 3500 tonn planlagd årleg produksjon med forventa årleg förforbruk på 4200 tonn.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 3120 tonn MTB, uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utsifting av utstyr

Ved utsifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 10.1.

2.8 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdommen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C₂) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøveasjon C₃-C_n) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal verksemda gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Fylkesmannen.

Strandsona i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

² [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i pkt. 3.1.1 og pkt. 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Fylkesmannen kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive. Slike utslepp er tillatne ved lokaliteten uavhengig av om utsleppet skjer frå merd eller frå brønnbåt.

Nøter som er behandla med miljøfarlege kjemikal (inkludert kopar), skal ikkje vaskast eller reimpregnerast på lokaliteten. Grovreingjering av nøter i form av spyling kan tillatast så lenge oppdrettar kan dokumentere med prøvetaking at det ikkje skjer ei oppsamling av kjemikal (kopar og sink) under anlegget som gir ulempe eller skade på miljøet. Blir det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste MOM B-gransking på maksimal belastning takast målingar av kopar i sediment med minimum 5 prøvar langs den ytre merdkanten rundt anlegget, jf. punkt 12.4 i løyvet.

3.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå landbasen, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

3.3 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er mynde for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

3.4 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsmynde.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og landbasen, skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar ved landbasen skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til sjø, grunn eller grunnvatn som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre utslepp til resipient. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknader av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp og avgrense miljøverknader av slike utslepp skal

overvakast og vedlikehaldas regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område på land, og eventuell forureina sediment i sjøområda ved lokaliteten. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiring, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, pliktar ikkje verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyrring.

6.1 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlninga, medrekna omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreiringa av utsleppet.

6.2 Akkumulering av kjemikal i sedimenta

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at kjemikal, inkludert legemiddel, over tid vert akkumulerte i sedimenta i mengder som overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i eller i medhald av vassforskrifta. Viser miljøundersøkingar at slike miljøkvalitetsstandardar vert overstigne skal verksemda sette i verk tiltak for å redusere utsleppa.

7. Støy og lys

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23-07)
$L_{pAekv12h}$	$L_{pAekv4h}$	$L_{pAekv8h}$	L_{AFmax}
Kvardagar: 55 dB Laurdagar, sundagar og heilag dagar: 50 dB	50 dB	45 dB	60 dB

I dette vedtaket gjeld:

- L_{pAekyT} : medel (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T
- L_{AFmax} : medel A-veg maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil pågå over fleire dagar, skal førehandsvarslas til berørte naboar.

Verksemnda skal utforme og drive anlegget slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnadene. Aktivitetar som medfører fare for støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7-16.

7.2 Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

Ved aktivitet ved anlegget (fôrflåte og merdanlegg) på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

Verksemnda skal ha eit system for energileiing i verksemnda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. vilkår 2.7. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsetje i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Lagring

Farleg avfall skal lagrast under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like godt vern for miljøet. Lagra farleg avfall skal vere merka slik at det er tydeleg kva som er lagra. Lagerområdet skal vere utilgjengeleg for uvedkomande.

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månadar³.

Kasserte nøter som inneheld meir enn 0,25 prosent koparimpregnering (Cu₂O)⁴, reknast m.a. som farleg avfall.

9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar på land skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

9.4 Mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr frå førslangar til nøter og tauverk.

10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik forureining kan føre til.

Risikoanalysen skal innehalde ein dokumentert omtale av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan bli påverka av forureining frå verksemda.

³ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-8](#)

⁴ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-2 fjerde ledd, jf. vedlegg 2 nr. 1](#)

10.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert skriftleg oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om naudsynt, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁵. Verksemda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

11. Utsleppskontroll og journalføring

11.1 Utsleppskontroll

Verksemda pliktar å systematisk kartleggje eige utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

11.2 Journalføring

Følgjande punkt skal journalførast:

- årleg produksjon
- årleg svinn (daudfisk, tap av fisk)
- årleg fôrforbruk og fôrtype
- impregnering av nót (tidspunkt, namn på virkestoff)
- grovreingjering av nót (tidspunkt, spyling i sjø eller på land)
- årleg forbruk av legemiddel og andre miljøfarlege kjemikal (mengde, namn på virkestoff)
- naboklager på lukt, lys og støy (tidspunkt, kva det vert klaga på)

Journalen skal oppbevarast i fem år.

⁵ [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)

12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga.

Verksemda må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

12.1 Krav til gransking av organisk belastning

Verksemda skal sørge for at trendbaserte C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS9410:2016 blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 Taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultatet av C-granskinga skal dokumenterast i rapport i samsvar med NS9410:2016. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknad frå anlegget og tilrådde utbetrande tiltak.

Viss ei C-gransking syner at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i C3, C4 osv. er dårlegare enn moderat, skal verksemda gjennomføre tilleggsgransking etter nærare avklaring med fylkesmannen i samsvar med NS 9410 (jf. pkt. 8.6.3 i standarden).

12.2 Strandsonegransking

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av utsett strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. All miljøpåverknad som kan tilskrivast verksemda skal dokumenterast med tekst og bilete.

12.3 Makroalgegransking

Verksemda skal overvake tilstanden til makroalgane i strandsone og grunne område⁶ i overgangssonen i samsvar med rettleiar for makroalgar i vassforskrifta. Verksemda skal lage ein plan for overvakinga som skal sendast inn til Fylkesmannen seinast 3 månadar etter oppstart.

12.4 Kopargransking

Blir det nytta koparimpregnerte nøter, skal det samstundes med neste B-gransking på maksimal belastning takast målingar av kopar i sediment med minimum 5 prøver langs merdkanten rundt anlegget.

Verksemdene skal ved neste C-gransking måle kopar (snitt av minst 5 målingar) på botnen der anlegget har lege fram til sletting i 2016.

Dersom det som ledd i C-granskinga er målt kopar i sediment og desse overstig miljøkvalitetsstandard fastsett i medhald av vassforskrifta, skal verksemda kartlegge utbreiinga av

⁶ Grunne område: mindre enn 30 meter djup.

koparforureininga og kva miljørisiko denne inneber. Granskinga av utbreiinga skal gjerast av uavhengig og kompetent organ.

Ein plan for granskinga skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering seinast innan 4 månader etter C-granskinga er rapportert.

12.5 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav til overvaking med hydrografimålingar i løyvet.

12.6 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 12 og 13 der NS9410:2016 er nytta skal sendast fortløpande til Fylkesmannen via Altinn. Andre rapportar blir å sende til Fylkesmannen i Vestland. Rapportane skal innehalde resultat og ei fagleg vurdering av resultat.

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12 som inneheld klassifiseringsdata i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar nr 2-2018, skal også fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø⁷. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finn ein og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

13 Granskingar og utgreiingar

Verksemnda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemnda kan og bli pålagt å betale ein høvesvis del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemder med utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

13.1 Utarbeiding av støysonekart

Det er ikkje sett krav til utarbeiding av støysonekart i løyvet.

14. Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemnda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemnda sine utslepp, skal verksemnda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

15. Eigarskifte

Dersom verksemnda blir overdregen til ny eigar, skal verksemnda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

⁷ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn:
<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

16. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁸. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

⁸ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350



FLOKENES FISKEFARM AS
Flokenes
6983 KVAMMEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

Bakgrunn og forklaring til løyve etter ureiningslova for akvakulturproduksjon i sjø på lokaliteten Storevik i Askvoll kommune, og varsel om sakshandsamingsgebyr.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve nytt løyve etter ureiningslova for etablering av matfiskproduksjon ved lokaliteten Storevik. Anlegget får løyve til ein produksjon på inntil 1560 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB). Løyvet gjeld berre saman med løyve etter akvakulturlova. Det er sett vilkår om jamleg miljøovervaking, m.a. skal C-undersøking gjennomførast ved maksimal belastning i første produksjonssyklus. Gebyr for sakshandsaminga er varsla til kr. 32 800,-.

Vi viser til søknad frå Flokenes Fiskefarm AS dagsett 22.11.2017, oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 28.12.2017, og seinare komplettert med kommunen si fråsegn den 21.03.2018. Vi er leie for at det har teke lang tid å ferdigbehandle søknaden hjå oss.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve nytt løyve etter ureiningslova på visse vilkår. Løyvedokumentet med vilkår følgjer vedlagt. Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at produksjonsramma som Fylkesmannen har sett i løyvet etter ureiningslova berre kan takast i bruk dersom anlegget også får løyve etter akvakulturlova frå fylkeskommunen, og at løyvet etter ureiningslova berre gjeld så lenge lokaliteten også har løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen gjev løyve til ei mindre produksjonsmengd enn omsøkt, vil løyvedokumenta frå Fylkesmannen likevel vere gyldige, men då berre gjelde for same produksjonsmengd som etter akvakulturlova.

Om saka

Tidlegare drift

Det har vore godkjent akvakulturanlegg i dette området tidlegare over lang tid. Fylkesmannen har tidlegare skrive fråsegn til oppdrett på lokaliteten (1988) og utsleppsløyve som omfattar 12 000 m³ laksefisk (1993). Flokenes Fiskefarm AS fekk i samband med tildeling av ny konsesjon utvida produksjonsvolumet til 24 000 m³ i 2004. Ramma for produksjonsvolumet vart omgjort til ny ramme på 1560 tonn MTB i 2006. Lokaliteten vart sletta av Fiskeridirektoratet i 2016.

Søknaden



Flokenes Fiskefarm AS søker om å få etablere eit matfiskanlegg med 1560 tonn MTB på lokaliteten Storevik. Anlegget skal ha ny plassering som sikrar betre vassgjennomstrøyming, omkring 200 meter aust for det gamle anlegget. Det er stipulert ein årsproduksjon på 2500 tonn, med eit fôrforbruk på om lag 3000 tonn. I tillegg til ein fôrflåte vil anlegget, etter det som er skissert i søknaden, bestå av 6 plastringar i ei rammefortøying, 80x80 meter rammer. Anlegget si rammefortøying vil dekke 80 x 480 meter, 38 400 m² (i søknaden er det oppgitt 32 000 m²). Fôrflåte og fortøyingsarealet kjem i tillegg.

Planstatus, offentlig ettersyn og kommunal handsaming av søknaden

Søknaden har vore lagt ut til offentlig ettersyn av Askvoll kommune. Det kom ikkje inn merknader til søknaden.

Kommunen har i si fråsegn frå 21.03.2018 opplyst om dispensasjonsvedtak frå arealdelen av kommuneplanen til etablering av oppdrettsanlegg på lokaliteten. Askvoll kommune tilrår at Flokenes Fiskefarm AS får løyve til oppdrett på den omsøkte lokaliteten.

Andre miljøfaglege merknader

Fiskeridirektoratet har i si fråsegn frå 17.10.2017 vurdert søknaden ut frå verknader på fiskeriinteresser og det marine miljøet rundt anlegget. Dei krev at fortøyingane frå anlegget ikkje må komme til hinder for bruk av låssettingsplass i Indre Flokenesvågen og rekefelt ved Gjelsvika. Dei krev også at Flokenes Fiskefarm AS utfører ei ny B-undersøking. Om desse vilkåra vert innfridd vil Fiskeridirektoratet rå til at søknaden vert godkjent. Direktoratet minner elles om reglane som avgrensar bruk av kitinsyntesehemmarar og tømning av vatn med legemidlar i.

Om aktuelt regelverk og vurderingsgrunnlag

Fylkesmannen avgjer saka etter ureiningslova, og som del av den vurderinga skal vi ta spesielt omsyn til føringane i naturmangfaldlova og vassforskrifta.

- **Ureiningslova** har som føremål «å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.»

Ved avgjerda om å gje løyve og ved fastsetjinga av vilkåra legg vi vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg, jf. ureiningslova § 11. Fylkesmannen legg vidare til grunn kva resultat ein kan oppnå ved å nytte beste tilgjengelege teknologi og teknikkar. Ved fastsetjinga av vilkåra for drifta er omsynet til det ytre miljøet ivareteke så langt som mogleg.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i ev. ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktene som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

- **Naturmangfaldlova** (nml.) set forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar og inneheld ei rekkje miljøfaglege prinsipp (§§ 8-12) som skal leggjast til grunn ved all offentlig sakshandsaming som har verknad for naturmangfaldet:
 - § 8 om kunnskapsgrunnlaget
 - § 9 om føre-var-prinsippet
 - § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning



§ 11 om tiltakshavar betaler

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

- Miljøtilstanden i alt vatn skal i følge *forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)* oppretthaldast på eit godt nivå, og vernast mot forringing. Ny påverknad i form av nye utslepp (eller auka utslepp) kan i hovudsak berre skje dersom vassførekomstane ikkje får redusert sin økologiske miljøtilstand. Vassforskrifta er førande for Fylkesmannen sine vurderingar av om nye eller endra løyve etter ureiningslova for verksemd med utslepp til vatn kan gjevast, og for enkelte av vilkåra som vert sett i utsleppsløyva.

Fylkesmannen si vurdering etter ureiningslova av denne søknaden er avgrensa til verknader av utsleppa frå akvakulturproduksjon på staden. Vi vurderer ureiningsverknader av normale utslepp frå drifta, slik som utslepp av fôrrestar, fiskeekskrement, vaskekjemikalier, notimpregnering, legemiddel, lukt, støy m.m.

Vurderinga vår av ev. andre verknader på natur, miljø og friluftsliv skal ikkje leggjast til grunn for avgjerda vår etter ureiningslova, etter dagens forvaltningspraksis og ansvarsfordeling mellom dei ulike sektormyndighetene som handsamar akvakultursøknader. Fylkesmannen er uroa over den alvorlege situasjonen og negative utviklinga for vill laks og sjøaure ein har sett i fylket dei siste åra. Vi er difor skeptiske til akvakulturproduksjon på lokalitetar som kan gje negativ påverknad på vill anadrom fisk. Vi gjev ei eiga fråsegn til fylkeskommunen om dette, som de får kopi av.

Naturverdiar i området og miljøpåverknad frå produksjonen

Lokaliteten Storevik ligg vest i Gjelsvika i Askvoll kommune. Det er ein skjerma lokalitet som munnar ut i ytre del av Førdefjorden. Botnen under planlagt anlegg skråar i nordaustleg retning, og djupna varierer frå 80 – 180 meter. Her består botnen i hovudsak av kompakt leirhaldig sediment, blanda med grus og småstein. Anlegget ligg vendt med kortsida frå land. Nærast land er store delar av botntopografien under anlegget forholdsvis flat, homogen og lite kupert, medan nærare midten av Gjelsvika skråar det mot ei flate. Denne flata grensar mot Førdefjorden utan nokon terskel.

Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land. Naturbase¹ og andre offentlege databasar med miljødata (Fylkesmannen si kartteneste Fylkesatlas², Lakseregisteret³, Vann-Nett⁴, Vannmiljø⁵ og Fiskeridirektoratet si kartteneste Yggdrasil⁶) har litt data i området:

1. Lokaliteten Storevik ligg i vestleg del av vassførekomsten *Førdefjorden-ytre* (ID-nr 0281010202-C i Vann-Nett), som er eit område klassifisert som ferskvatnpåverka beskytta fjord. Førdefjorden-ytre har moderat utskifting av vatn, og opphaldstida for botnvatn er rekna som moderat. Registrerte påverknader i denne delen av vassførekomsten er diffus avrenning frå spreidd busetnad og fiskeoppdrett, samt punktutslepp frå kommunalt avløp på Kvammen. Det er også planlagt deponering av gruveavfall i Førdefjorden. Dette arbeidet er planlagt starta i løpet av 2020 og vil ha betydeleg påverknad på vassførekomsten.

¹ <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

² <https://www.fylkesatlas.no/>

³ http://lakseregister.fylkesmannen.no/a3_laksekart/Lakseregisteret

⁴ <https://www.vann-nett.no/portal/>

⁵ <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

⁶ <https://kart.fiskeridir.no/>



2. Det er registrert ein rovfugllokalitet innan fem kilometers radius. Arten er generelt var for forstyrning ved hekkeplassen. Avstanden mellom reiret og anlegget er truleg stor nok til at hekkinga ikkje vert forstyrra.
3. Delar av Gjelsvika og Førdefjorden er registrert som fiskeplass for villfisk og reker. Askvoll fiskarlag har oppdatert informasjon frå 2012 som fortel at det drives yrkesfiske på torsk, sei, lyr, brosme og lysing.
4. Lokaliteten Storevik ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge pga. for stor lakselusbelastning på vill anadrom fisk. Området rundt Storevik har ein høg konsentrasjon av akvakulturanlegg som til dels har hatt for høge målingar av lakselus. Lokaliteten ligg om lag 8,5 km utanfor grensa for den nasjonale laksefjorden i Førdefjorden. Det er ingen større laksevassdrag like ved Storevik, men det er to registrerte lakseførande elver som går opp frå Gjelsvika. Det er også sannsynleg at ein del av laksesmolten og sjøaure frå dei to nasjonale laksevassdraga inst i fjorden og andre større vassdrag i fjorden vandrar forbi her. Fylkesmannen ser nærare på dette i si fråsegn som er vedlagt.
5. Askvoll Fiskarlag har registrert eit gytefelt for lyr og oppvekstområde for torsk, sild, kveite og hyse innerst i Gjelsvika, omkring 3 km søraust for omsøkt lokalitet.
6. Det er naturlege tareområde vest for lokaliteten. Tareområde strekk seg langs store delar av Flokenesvågen, og startar ca. 3,2 km vest for lokaliteten. På grunn av avstanden mellom lokaliteten og Flokenesvågen, samt at Matvikeneset hindrar direkte kontakt, er det lite truleg at desse førekomstane vert vesentleg påverka av etableringa.

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikalier og avfall/ farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

Fylkesmannen i Vestland har systematisert koparmålingar frå dei siste åra frå oppdrettsanlegg i Hordaland som nyttar koparhaldig notimpregnering. Dei har funne at det kan vere svært høge nivå av kopar i sedimentet og stor auke i koparnivåa på kort tid, spesielt på lokalitetar som spylet nøtene medan dei står i sjø. Datagrunnlaget syner også at det i snitt er 3 gonger høgare koparkonsentrasjon i sedimentet under anlegget ved merdkanten, enn i ytterkanten av nærsona nokre titals meter ut frå anlegget. Oppkonsentrering av kopar i sedimentet kan påverke botnfaunaen negativt og medføre ein fare for at den naturlege nedbrytinga av dei organiske utsleppa frå anlegget vert redusert eller stoppar opp. Medan organisk overbelastning er ein reversibel prosess, dersom tiltak vert sett inn i tide, vert kopar som har bygd seg opp over tid, ikkje brote ned naturleg. Miljøforbetring for sediment som er overbelasta med kopar skjer langsamt, gjennom uttynning/ overdekking med nytt sediment som vert danna, og miljøtilstanden vert såleis ikkje nødvendigvis betre på kort sikt, sjølv om tilførslane av kopar vert stansa. Lokaliteten si bæreevne kan dermed bli permanent redusert.

Dei organiske utsleppa til vatn som eit anlegg har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart for å ikkje overbelaste miljøet. Akvakulturanlegg er difor pålagt hyppig miljøovervaking på lokaliteten gjennom akvakulturdriftsforskrifta (B-undersøkingar etter Norsk Standard (NS) 9410), og har normalt også vilkår i løyvet etter ureiningslova om meir omfattande granskingar av resipienten med jamne mellomrom (C-undersøkingar etter NS 9410, m.m.).



Auka bruk av legemiddel til avlusing har dei siste åra fått auka merksemd. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botn. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gje eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter. Noreg har målsetnad om å redusere og stanse utslepp av prioriterte miljøgifter til miljøet.

Det er gjort undersøkingar av miljøtilhøva i og rundt lokalitetsområdet i samband med søknaden. Botn og straum-tilhøva er kartlagt, og det er gjort undersøkingar av miljøtilstanden for botnfaunaen i sedimenteringsområde. Resultata er omtalt i rapportar frå Nearshore Survey, SubAquaTech og DNV GL AS.

I tillegg til vedlagt miljødokumentasjon nyttar Fylkesmannen eventuelle data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder, som utfyllande informasjon for å vurdere miljøtilstand og -påverknad i området.


Eventuelle spesielle naturverdiar og dagens tilstand i miljøet rundt lokaliteten er ikkje undersøkt utover det som er nemnt over om databaseregistreringar, straum og botnfauna/sediment. Det føreligg difor ikkje detaljert kunnskap om alle sårbare artar og naturtypar som kan finnast i nærleiken. Den generelle kunnskapen om korleis eit akvakulturanlegg kan påverke naturverdiar, og kor mykje eller lite ein kan forvente at eit anlegg som blir etablert her kan påverke sine omgivelser, er også mangelfull.

Havforskningsinstituttet oppsummerte i 2016⁷ den generelle kunnskapen ein har om effektar av utslepp frå akvakulturanlegg på ulike marine naturtypar og nøkkelområde for biologisk mangfald. Dei reknar t.d. tareskog som ein relativt robust naturtype med evne til rask reetablering, medan t.d. ålegrasenger og andre grunne blautbotnområde er meir sårbare naturtypar som kan bruke lang tid på å rehabilitere seg. For gyteområde vert det vist til kunnskapsmangel om korleis organiske utslepp og utslepp av avlusingsmidlar frå akvakultur kan påverke. Ei generell vurdering er at det er mindre fare for stor negativ påverknad på artar og naturtypar når avstanden vert over ein kilometer eller meir.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for vilkår

I tillegg til straummåling, B- og C-undersøkingar ved Storevik, er det gjennomført miljøundersøkingar ved nabolokalitetane Skorva og Dyvika. Det er også gjennomført fleire MOM-B undersøkingar ved den sletta lokaliteten på Storevik (sjå figur 1). I Førdefjorden er det utført miljømålingar og konsekvensutgreiing i forbindelse med deponering av gruveavfall.

⁷ http://www.imr.no/filarkiv/2016/04/effekter_av_utslipp_fra_havbruk_pa_rodlista_marine_habitat.pdf/nb-no



Figur 1. Plassering av akvakulturanlegg, deira overgangssoner og prøvetakingspunkt langs Førdefjorden. Det nye anlegget på lok. Storevik er vist med gul farge, tidlegare anlegg ved Storevik med lilla farge, og dei andre anlegga i området med blå farge. Prøvestasjonar frå miljøundersøkingar er vist med raude punkt, plassering for straummålar er vist med svart punkt.


Søknaden har vedlagt ei miljøovervaking frå 2014 (DNV-GL 2014-1164) med undersøking av botnfaunaen etter C-undersøkingmetodikk (jf. Norsk Standard NS 9410) på seks punkt. Dette er ei samla gransking for lokalitetane til Flokenes Fiskefarm; Storevik, Skorva og Dyvika. Ved Storevik var det gjort målingar ved to punkt: nærsone, overgangssone og fjernsone. Lokaliteten hadde på tidspunktet for prøvetaking ikkje hatt produksjon i tre år. Resultata viste «god» til «svært god» tilstand for botnfauna. Det vart registrert både sensitive artar for organisk overbelastning, og opportunistiske artar som er meir robust for organisk overbelastning. Kjemiske prøvar av sedimentet viste låge konsentrasjonar av total organisk karbon, tilsvarande tilstandsklasse «svært god». Resultat av oksygentilhøva i vassøyla frå overflata til botn viste høge verdiar, tilsvarande tilstandsklasse «svært god».

Vi har motteke ei ny C-gransking med rapportdato frå 2019 (Åkerblå MCR-M-18177-Storevik) med undersøking på fire punkt. Dette er ei gransking av lokaliteten Storevik. Resultata viste «god» til «svært god» tilstand for botnfauna på alle stasjonane innanfor overgangssona. Kjemiske prøvar av sedimentet viste låge konsentrasjonar av total organisk karbon, fosfor og nitrogen. Tilstand vart sett til «svært god» på alle stasjonane.


NIVA utførte i 2007 (O-27199 WP1-WP2) ei gransking av faunatilstanden i Førdefjorden. Klassifisering av tilstand for botnlevande fauna viste tilstandsklasse «god» til «svært god» i to av punkta som var i relevant nærleik for Storevik. Nivået av artstal var noko lågare enn tilsvarande resultat i MOM-C frå 2014.



Mom-B undersøkingar på lok. Skorva, som har liknande botntypografi som ved Storevik, viser at resipienten har ei god evne til nedbryting av organiske utslepp.



Figur 2. Straummåling ved lokalitet på 15 meter djup.



Figur 3. Straummåling ved lokalitet på 70 meter djup (botn).

Det er gjort to strømmålingar frå 2017 på fire djup omkring 100 meter vest for lokaliteten: 5, 15, 47 og 70 meter. Resultata er oppsummert i forundersøkelse levert med søknaden (Sub Aqua Tech FORUND0005). Det var liten variasjon på straumretning (relativ fluks) på dei fire prøvepunktta. Alle resultatane viste dominerande straumretning mot nordvest og søraust (figur 2 og 3). Det var periodar med høg straumstyrke mot søraust, medan strømmønsteret i hovudsak varierte mykje mot nord-nordvest. På 5, 15 og 47 meter djup vart det målt gode straumforhold og gjennomsnitt straumstyrke vart klassifisert som «sterk». Mot botn er straumstyrken redusert, og gjennomsnitt straumstyrke vart sett til tilstandsklasse «svak».

Samla sett verkar straumtilhøva på lokaliteten å vere tilfredsstillande for å gje ei moderat spreiding av utslepp frå eit anlegg her. Straumstyrken i vassøyla verkar å vere sterk med få straumsvake periodar. Den samla trenden frå alle djup viser eit forholdsvis uryddig strømmønster, der tidevatnet pregar retninga på straumen ved alle måledjup. Straumen vekslar mellom nordvest og søraust. Dette gjev også utslag i ein låg Neumann-parameter. På 70 meter djup gjekk nettostraum i retning sør-sørvest, noko som kan til tider føre organisk material samlar seg opp lenger inn i Gjelsvika, som er rekna som ein svakare resipient enn Førdefjorden. Fylkesmannen si vurdering er at utslepp frå Storevik vil kunne bidra til auka organisk sedimentering til dette området. Det kan på eit seinare tidspunkt bli stilt krav til utvida miljøovervaking av dette området, der alle verksemder som har utslepp til denne resipienten vil bli pålagt å delta.

Anlegget vil ligge tett på i eit rekefelt, samt ved sida av eit gytefelt. Reker og andre krepsdyr er nøkkelartar i det marine økosystemet. Gytefelta langs kysten er grunnlaget for fiskeressursane våre. Desse områda vil vere sårbare for utslepp av legemiddel brukt mot lakselus. Etablering av eit nytt akvakulturanlegg med laksefisk ved Storevik gir eit nytt punkt som potensielt må avlusast kjemisk dersom ikkje andre metodar er nok, og vil då kunne påverke reker, krepsdyr og anna marint liv i området rundt anlegget.

Sjølv om det er kunnskapshol om det marine naturmangfaldet, og om verknader av akvakultur på naturmangfaldet generelt, er kunnskapsgrunnlaget likevel ikkje vurdert som så mangelfullt at



Fylkesmannen ikkje kan ta stilling til om det kan gjevast løyve til etablering og utviding her. Men dei andre miljøfaglege prinsippa i naturmangfaldlova må leggjast vekt på når ein skal vurdere om utsleppa er forsvarlege for miljøet.

Vi vurderer at det ikkje er sannsynleg at ureining og utslepp frå den omsøkte aktiviteten vil føre til at irreversibel miljøskade vil oppstå, med dei vilkåra som er sett til løyvet. Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i vår sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebyggje ureining. Fylkesmannen stiller difor ei rekkje krav (vilkår for løyvet) som gjeld drifta ved anlegget, for å halde utsleppa på akseptable nivå – gode driftsrutinar gjev mindre utslepp. Føremålet med å setje vilkår for løyvet er å mest mogleg hindre, minimalisere og førebyggje skade og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Dette gjeld for både støy, lukt og ureining til vatn eller grunn. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land. I vilkåra er det m.a. sett krav til miljøtilstanden i resipienten.

Ut frå prinsippa om økosystembelastning og miljøforsvarlege teknikkar i naturmangfaldlova, må drifta følgjast opp med miljøovervaking for å kunne fange opp eventuell negativ utvikling tidleg nok til at tiltak kan setjast inn, og miljøskade unngåast. Overvakingssopplegget må tilpassast nyaste NS 9410-utgåve, sjå avsnittet lenger ned om miljøtilstand og overvaking.

Produksjonsforhold og drift

Eit tradisjonelt ope, flytande akvakulturanlegg er ikkje tilrettelagt for reinsing, oppsamling eller måling av utsleppa som følgjer av produksjonen i form av overskotsfôr, ekskrement frå fisken, kjemikalie- og legemiddelbruk, osb. Inntil det eventuelt vert sett strengare felles nasjonale bransjekrav til alle flytande akvakulturanlegg, må utsleppet difor regulerast indirekte på "innsatssida", og ikkje som ei direkte avgrensa utsleppsmengd. Utsleppa frå anlegget er i dette løyvet indirekte regulerte gjennom å setje ei ramme for produksjonen, setje utsleppsreducerande vilkår til drifta, og setje krav til at miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå.

Anlegget må, sjølv om dei har utsleppsløyve, ta nødvendige omsyn til marine økosystem og enkeltartar som dei kan påverke. Dette gjeld aktivitetar som til dømes flytting/ utlegging av fortøyingar som fysisk kan skade marint liv og naturtypar, gjenteken bruk av avlusingskjemikal som kan skade krepsdyr og andre marine organismar, utslepp som kan gje nedslamming av ålegras-, korall- eller svampområde, spyling av koparimpregnerte nøter, og anna aktivitet som kan gje skade. Dersom det vert påvist/mistenkt at aktivitetar ved eller utslepp frå anlegget har negativ verknad på viktige marine artar eller naturtypar, vil det kunne bli sett nye vilkår til løyvet for å hindre/minske dette, eller løyvet kan bli redusert eller trekt tilbake.

Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser for kjemikalier, legemiddel m.m., og utsleppsløyvet er ikkje til hinder for nødvendig bruk av dette på lokaliteten. Men anlegget må vise aktsemd for å unngå utslepp som gjev fare for negativ påverknad på økosystemet. Vi viser til plikta som følgjer av produktkontrollforskrifta § 3a om substitusjon (vilkår 6), om å velje dei teknikkar og kjemikalier som har minst mogleg skadeverknad for helse og miljø når dette er mogleg. Verksemda må t.d. vurdere om det er mogleg å bruke førebyggjande eller andre metodar med mindre miljørisiko som alternativ til bruk av legemiddel.

Dersom fisken på lokaliteten skal behandlast med legemiddel, er det viktig at verksemda informerer veterinæren/fiskehelsebiologen som skriv ut legemiddelet om tilhøve på lokaliteten eller i resipienten som har noko å seie for korleis miljøeffekten av utsleppet av legemiddelet vert. Dette kan t.d. vere kjennskap til artar og naturtypar rundt lokaliteten som kan påverkast negativt, og lokale tilhøve som djupne- og straumforhold, som har noko å seie for spreinging av utsleppet



I vilkår 3 er det sett krav om å minske utslepp som følgje av fôringa. Det er også sett krav om at død fisk skal takast opp av merdane før han går i oppløysing. Organisk avfall kan utnyttast som ein ressurs og skal difor takast vare på. Fisk som går i oppløysing utgjør ei dårleg utnytting av ressursar og ei tilleggsbelastning på miljøet i resipienten.

Lysregulering av veksttilhøve kan legge til rette for ein meir effektiv produksjon. Lysbruk som ikkje er avskjerma har samstundes vist seg å kunne vere til stor ulempe for omgivnaden. Kravet om lysavskjerming for produksjonslys, og omsyn ved bruk av lys ved aktivitet på kvelds- og nattestid i vilkår 7 må difor sjåast i samheng med § 11, 4. ledd i ureiningslova.

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden, jf. vilkår 7. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane sett for støy, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi. Dette gjeld mellom anna skjerming av aggregat, vifter og liknande

Miljøtilstand og overvaking

Verksemda pliktar å ha så godt oversyn som praktisk mogleg over eigne utslepp, og verknadene av utsleppa. Overvaking av miljøtilstand og mogleg endring av tilstanden i resipienten vil avgjere om utsleppa kan vere forsvarlege også i framtida. Det vil seie at verksemda ut frå risikovurderingar i internkontrollen og vilkåra i utsleppsløyvet må etablere eit program som dokumenterer at utsleppa frå ordinær drift på lokaliteten vil vere forsvarleg, både i høve til overflatelag og stranda i nærområdet til anlegget, og vassmassar og sjøbotn i resipienten elles. Miljøtilstanden skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå, og det er sett nokre konkrete krav til overvakinga (vilkår 12).

Det er eit standardkrav til oppdrettsanlegg i Sogn og Fjordane at strandsona skal overvakast jamleg for synleg påverknad. Det er også eit standardkrav i løyvet at overvakinga skal vere risikobasert, altså at overvakinga skal vere tilpassa dei utsleppa ein har, og den miljøpåverknaden ein kan vere årsak til.

Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Ansvarer for å ha god nok kunnskap om eigne utslepp og verknaden av dei, vil ligge på verksemda. Verksemda skal vurdere behovet for både substitusjon og miljøovervaking/miljødokumentasjon ut frå dei utsleppa dei har.

Miljøovervakinga av påverknaden på sjøbotn skal som eit minimum tilfredsstillende krava i den til ei kvar tid gjeldande Norsk Standard NS 9410. Standarden gjev rettleiing om måleparameter, undersøkingssfrekvens, talet på og plasseringa til prøvepunkt, når i produksjonssyklusen undersøkingane bør gjennomførast, m.m. Vi gjer merksam på at NS 9410 er ein minimumsstandard. Ved tvil, eller eventuell motstrid mellom vilkår i utsleppsløyvet og krav som gjeld C-undersøking i standarden, skal Fylkesmannen kontaktast for rettleiing og tolking.

Nokre særskilt viktige punkt:

- C-undersøking etter NS 9410 skal gjerast ved første maksimale belastning i produksjonen. Omgrepet «maksimal belastning» refererer til når det ut frå høg fiskebiomasse og høg fôrmengd blir mest organisk belastning på botn i løpet av ein produksjonssyklus. Minimumsfrekvensen for vidare C-undersøkingar går fram av NS 9410, og følgjer av tilstanden i resipienten. Eventuelle ønskje om å fråvike standard metodikk eller frekvens i NS



9410, må avklarast med Fylkesmannen som unntak frå/ending av løyvet.

- Ved indikasjon på negativ utvikling i miljøtilstand, bruk av koparimpregnerte nøter som vert reingjort med spyling på lokaliteten, eller bruk av miljøskadelege kjemikaliar og legemiddel, skal utvida overvaking vurderast som del av det risikobaserte overvåkingsprogrammet.

Undersøkingssomfanget må elles ha eit klårt fokus på at granskingane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsleppa frå anlegget, utstrekninga til effektane, og i den grad det er mogeleg også utviklingstrendar. Granskingane skal elles vere tilpassa utsleppa verksemda har, og ein kan eventuelt samarbeide med andre som har utslepp til same område.

Avfall

Avfall skal handterast på forsvarleg måte, slik at det ikkje oppstår fare for ureining eller kan verke skjemmande. Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre fylkesmannen eller Miljødirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan ta imot avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. Kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Tvilsspørsmål må takast opp med fylkesmannen. Dumping av død fisk eller anna avfall i sjø, nedgraving på land eller brenning er ikkje tillate.

Konklusjon

Søknaden er vurdert i høve til føringane i vassforskrifta, naturmangfaldlova og ureiningslova. Etter vår vurdering er det ikkje truleg at oppdrettsaktiviteten, med dei vilkåra som er sett, vil føre til ending av tilstandsklassa i vassførekosten totalt sett.

Fylkesmannen meiner at søknaden er godt nok opplyst til at vi kan handsame saka etter ureiningslova, jf. nml. §§ 8-10. Vi finn at løyve etter ureiningslova for etablering av eit akvakulturanlegg med utslepp av næringssalt, organisk stoff og kjemikaliar/legemidlar ved lokaliteten Storevik, med dei vilkåra som er sett (jf. nml. § 12), ikkje vil vere i strid med føringane som er gitt i naturmangfaldlova.

På bakgrunn av søknaden og etter ei vurdering innanfor Fylkesmannen sitt sektoransvar av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold, har vi kome til at det kan gjevast løyve etter ureiningslova ved Storevik, på nærare spesifiserte vilkår.

Løyvedokumentet vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presiserte eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Varsel om gebyrbetaling

Ureiningsforskrifta kapittel 39 inneheld gjeldande regelverk for innkrevjing av gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve etter ureiningslova og oppfølging av dette (tilsyn). Søknaden om nytt utsleppsløyve er løyvearbeid etter ureiningslova som det skal betalast gebyr for. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved valet av gebyrsatsen.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om løyve til etablering av akvakulturanlegget ved Storevik medfører for Fylkesmannen, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til sats 6, jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at det skal betalast eit gebyr på kr 32 800,-.



De har høve til å komme med merknader til varselet om gebyr. Dersom vi ikkje mottek merknader innan tre veker, vert det gjort vedtak i samsvar med varselet.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og løyvet. Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontroll-forskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane som er kjent som «HMS-etatane». Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no.

Andre viktige miljølovkrav

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav til verksemda går direkte fram av lov/forskrift og vert ikkje gjentekne som vilkår i det vedlagte løyvet. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda m.a. å følgje krava i ureiningslova og produktkontrolllova, og forskriftene som er heimla i desse lovene. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovteksten ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerpning. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei rekkje bransjar/verksemder i Norge, inkludert akvakultur.

Miljødirektoratet har laga eit faktaark om ureiningsmyndigheitene sine forventningar til oppdrettsanlegg i sjø (M-735/2017), som ligg på www.miljodirektoratet.no/ si nettside.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, samt forskrifter fastsette i medhald av desse lovene, er straffbart. Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Eit løyve etter ureiningslova avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar som nokon måtte ha i omsøkt område. Eventuell etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettgar. At ureininga er tillaten, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for



skade, ulemper eller tap som følge av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Fylkesmannen sitt vedtak, herunder vilkår i løyvet, kan klagast på til Miljødirektoratet av partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. §§ 28-32 i forvaltningslova. Klagefristen er på tre veker frå melding om Fylkesmannen sitt vedtak er kome fram, eller frå klagar fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter fristen kan ikkje påreknast å bli tatt til behandling. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på, og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, med kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaka vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige initiativ avgjere at vedtak ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta; kapittel 36 om *behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

Vedtaket vert kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/.

Med helsing

Tom N. Pedersen
senioringeniør

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Mattilsynet avd. Sunnfjord og Sogn	Firdaveien 6	6800	FØRDE
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Miljødirektoratet	Grensesvingen 7	0661	OSLO



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

Fråsegn til søknad frå Flokenes Fiskefarm AS om etablering av oppdrettslokalitet Storevik i Askvoll kommune for 1560 tonn MTB laksefisk

Fylkesmannen vurderer at etablering av ein ny lokalitet for produksjon av laksefisk i ytre del av Førdefjorden er i strid med § 4 og § 5 i naturmangfaldlova om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar. Så lenge situasjonen med lus og andre sjukdommar er som i dag, og bestandane av laks og sjøaure i dei nærliggande anadrome vassdraga er omsynskrevjande, bør det ikkje bli gitt løyve til ein ny lokalitet. Med bakgrunn i føre-var-prinsippet §9 i naturmangfaldlova rår difor Fylkesmannen i frå at det vert gitt løyve til ny lokalitet ved Storevik.

Vi viser til søknad frå Flokenes Fiskefarm AS dagsett 22.11.2017, oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 28.12.2017, og seinare komplettert med fråsegna frå kommunen den 21.03.2018.

Søknaden

Det er søkt om løyve til å etablere eit matfiskanlegg med 1560 tonn MTB på lokaliteten Storevik i Askvoll kommune. Det er stipulert ein årsproduksjon på 2500 tonn, med eit fôrforbruk på om lag 3000 tonn. Dette er ei reetablering av tidlegare lokalitet, som vart sletta av Fiskeridirektoratet i 2016 på grunn av inaktivitet. Lokaliteten har justert plassering i forhold til tidlegare drift.

Planstatus, offentlig ettersyn og kommunal handsaming av søknaden

Søknaden har vore lagt ut til offentlig ettersyn av Askvoll kommune. Det kom ikkje inn merknader til søknaden.

Kommunen har gitt dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen til etablering av oppdrettsanlegg på lokaliteten. Askvoll kommune tilrår at Flokenes Fiskefarm AS får løyve til oppdrett på lokaliteten.

Vurdering etter ureiningslova

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i eige skriv vurdert saka etter ureiningslova, og gjeve utsleppsløyve for inntil 1560 tonn MTB matfisk av laksefisk, på visse vilkår. Utgreiing av konsekvensar frå utslepp er nærmare drøfta i oversendingsbrevet. Kopi av vedtaket er sendt til fylkeskommunen.



Naturverdiar i området

Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land. Naturbase¹ og andre offentlege databasar med miljødata (Fylkesatlas², Lakseregisteret³, Vann-Nett⁴, Vannmiljø⁵ og Yggdrasil⁶) har litt data i området:

1. Lokaliteten Storevik ligg i vestleg del av vassførekomsten *Førdefjorden-ytre* (ID-nr 0281010202-C i Vann-Nett), som er eit område klassifisert som ferskvasspåverka beskytta fjord. Førdefjorden-ytre har moderat utskifting av vatn, og opphaldstida for botnvatn er rekna som moderat. Registrerte påverknader i denne delen av vassførekomsten er diffus avrenning frå spreidd busetnad og fiskeoppdrett, og punktutsløpp frå kommunalt avløp på Kvammen. Det er også planlagt deponering av gruveavfall i Førdefjorden.
2. Det er registrert ein rovfugllokalitet i nærområdet til lokaliteten.
3. Delar av Gjelsvika og Førdefjorden er registrert som fiskeplass for villfisk og reker. Askvoll fiskarlag har registrert at det er yrkesfiske etter torsk, sei, lyr, brosme og lysing (Yggdrasil). Askvoll Fiskarlag har registrert eit gytefelt for lyr og oppvekstområde for torsk, sild, kveite og hyse inst i Gjelsvika, omkring 3 km søraust for omsøkt lokalitet.
4. Lokaliteten Storevik ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge pga. for stor lakselusbelastning på vill anadrom fisk. Lokaliteten ligg om lag 8,5 km utanfor grensa for den nasjonale laksefjorden i Førdefjorden, og om lag 2,5 mil frå det nasjonale laksevasdraget Nausta⁷. Gjelsvikelva⁸ er eit sjøaurevassdrag som ligg omkring 5,2 km søraust for anlegget. Inst i Førdefjorden ligg elva Jølstra⁹, som også har laks- og aurebestand.
5. Det er naturlege tareområde vest for lokaliteten. Tareområde strekk seg langs store delar av Flokenesvågen, og startar ca. 3,2 km vest for lokaliteten.

Vurdering av konflikhtar med naturmiljø og friluftsliv

Dei miljørettslege prinsippa etter Naturmangfaldlova (§§ 8-12) skal vere retningsgjevande for all offentleg utøving av mynde som vedkjem naturmangfaldet. Det er eit krav at vurderingar av prinsippa skal gå fram av vedtaket. Fråsegnen frå Fylkesmannen er ikkje eit vedtak, men skal gje fagleg saksopplýsning til Sogn og Fjordane fylkeskommune si avgjerd etter akvakulturregelverket.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket får konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Vi vurderer tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova, og vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova,

¹ <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

² <https://www.fylkesatlas.no/>

³ http://lakseregister.fylkesmannen.no/a3_laksekart/Lakseregisteret

⁴ <https://www.vann-nett.no/portal/>

⁵ <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

⁶ <https://kart.fiskeridir.no/>

⁷ <http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/visElv.aspx?vassdrag=Nausta&id=084.7Z>

⁸ <http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/visElv.aspx?vassdrag=Gjelsvikelva&id=084.520X1>

⁹ <http://lakseregister.fylkesmannen.no/lakseregister/public/visElv.aspx?vassdrag=Jølstra&id=084.Z>



vassforskrifta og laksetildelingsforskrifta § 30. Miljøverknader direkte knytt til utsleppa frå omsøkt produksjon er omtalt og vurdert i utsleppsløvet og oversendingsbrevet for dette.

Laks og sjøaure

Forvaltingsmålet for arter (§5) etter naturmangfaldlova er mellom anna å sikre det genetiske mangfaldet til artane på lang sikt. Det nasjonale overvåkingsprogrammet for rømt oppdrettslaks i vassdrag¹⁰ har påvist genetisk innblanding frå rømt oppdrettslaks i mange lakseelvar i fylket. I rapporten med resultat frå vår og sommar 2017 vart det ikkje rapportert innslag av oppdrettlaks på 10 % eller meir i dei undersøkte elvane i Førdefjorden.

I følge Vitenskapelig råd for lakseforvaltning er rømt oppdrettlaks, saman med lakselus, dei største bestandstruslane for villaks. Rømt oppdrettsfisk utgjer den største påverknaden for ytterlegare tap av bestandar¹¹. Oppdrettsnæringa har gjennomført tiltak som har redusert prosentdelen rømt laks i villaksbestandane om hausten, men auka tal oppdrettslaks fører til at tal fisk som rømmer framleis er høgt.

Oppdrett på ny lokalitet Storevik kan bidra til auka samla lakselusproblematikk i eit allereie oppdrettsintensivt området. I ytre del/utløpet av Førdefjorden er det i dag seks andre oppdrettsanlegg med konsesjon til oppdrett av laksefisk i tillegg til Storevik (Dyvika, Skorva, Kviteskjeret, Austneståa, Sandkvia og Marøytåa). Fire av desse har rapportert problematisk høge verdiar av lakselus i juli 2018¹². Rapportar om lusesituasjonen i Sogn og Fjordane og Hordaland viser generelt at mengd kjønnsmodne holus ligg over landsgjennomsnittet¹³. Det er vidare vist at lusepress er korrelert med intensitet av oppdrett i eit område¹⁴. Når smittepresset av lus er stort på laks, er situasjonen endå meir kritisk for sjøaure. Store mengder lakselus er dødeleg, og har ein bestandsreducerande effekt på sjøaure. Sjøaure vert også påverka av lus gjennom vinteren¹⁵.

Lokaliteten Storevik ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklyssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge pga. for stor lakselusbelastning på vill anadrom fisk. Lokaliteten ligg i Storevika, om lag 8,5 km utanfor grensa for den nasjonale laksefjorden i Førdefjorden. Det er sannsynleg at ein del av laksesmolten frå det nasjonale laksevassdraget Nausta og andre laksevassdrag i fjorden vandrar forbi her. Jølstra har reduserte bestandar av både laks og sjøaure, og ein eventuell ytterlegare påverknad på desse fiskebestandane vil vere svært uheldig. Næraste større sjøaureelv er Gjelsvikelva, ca. 5,2 km unna, der bestanden av sjøaure er kategorisert som omsynskrevjande i Lakserregisteret. I tillegg er Standalselva¹⁶ på nordsida av Førdefjorden registrert med redusert sjøaurebestand. Det er sannsynleg at sjøaure frå elvar både i ytre strok og lengre inne i fjorden kan nytte denne delen av fjorden til vandring og næringsøk. Etablering av lokalitet Storevik kan difor auke smittepresset frå lakselus og andre sjukdommar på villfisk i området.

¹⁰ https://www.hi.no/filarkiv/2018/06/romt_laks_fisken_og_havet_2018.pdf/nb-no

¹¹ <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2503390/Rapport11.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

¹² <https://www.barentswatch.no/fiskehelse/>

¹³ http://www.mattilsynet.no/fisk_og_akvakultur/fiskehelse/fiske_og_skjellsykdommer/lakselus/mattilsynets_laks_elusrapporter.5869

¹⁴ <http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapport%5C2014%5C1071.pdf>

¹⁵ <https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-sogn-og-fjordane/dokument-fmsf/miljo-og-klima/fiskeforvaltning/arsrapport-lakselusovervaking-sognefjorden-2015.pdf>

¹⁶ <http://lakserregister.fylkesmannen.no/lakserregister/public/visElv.aspx?vassdrag=Standalselva&id=084.82Z>



Med det samla kunnskapsgrunnlaget vi har om situasjonen for vill anadrom fisk i Sogn og Fjordane vil det på eit generelt grunnlag vere uheldig med ytterlegare etableringar i Førdefjorden som kan føre til auka mengd lakselus og auka fare for rømming. Den samla belastninga på laks og sjøaure er no så stor at vi vurderer at ytterlegare etableringar og utvidingar er i konflikt med naturmangfaldlova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Vi meiner difor næringa må gjennomføre tiltak som reduserer lakselus og hindrar rømming, før det vil vere akseptabelt å etablere nye lokalitetar for oppdrettslaks i sjøen.

Rovfugl

Det er registrert hekkelokalitet for ein rovfuglart som er var for forstyrning ved hekkeplassen nær anlegget. Fylkesmannen har kartfesting for hekkeplassen. Avstanden mellom reiret og anlegget er truleg stor nok til at hekkinga ikkje vert forstyrra.

Anna naturmangfald

Akvakulturanlegg kan generelt sett vere til fysisk skade for naturtypar som f.eks korall- og svampsamfunn gjennom utlegging eller flytting av fortøyingar. Anlegg kan også gje biologiske verknader for fauna i vassøyla eller i/på botn gjennom nedslamming og utslepp av legemiddel. Verknader er oftast lokale, men kan likevel vere alvorlege dersom viktige naturtypar eller sårbart biologisk mangfald vert råka. Marint naturmangfald er dårleg kartlagt i Sogn og Fjordane hittil.

Rundt lokaliteten er det registrert fleire rekefelt, og det er eitt gytefelt for torsk ved lokaliteten. Desse områda vil vere sårbare for utslepp av legemiddel brukt mot lakselus og andre kjemikaliar. Etablering av anlegget vil kunne auke den samla belastninga på marint liv i området rundt anlegget. Fiskeridirektoratet region Vest har i si fråsegn til søknaden 17.10.2017 vist til regelverket om at kitinsyntesehemmarar ikkje skal nyttast på lokalitetar som er nærare enn 1000 meter frå rekefelt, noko som gjeld Storevik.

Friluftsliv

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til friluftsområde med nasjonal eller regional verdi som anlegget kan ventast å komme i konflikt med.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at etablering av ein ny lokalitet for produksjon av laksefisk i ytre del av Førdefjorden er i strid med § 4 og § 5 i naturmangfaldlova om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar. Så lenge situasjonen med lus og andre sjukdommar er som i dag, og bestandane av laks og sjøaure i dei nærliggande anadrome vassdraga er omsynskrevjande, bør det ikkje bli gitt løyve til ein ny lokalitet. Med bakgrunn i føre-var-prinsippet §9 i naturmangfaldlova rår difor Fylkesmannen i frå at det vert gitt løyve til ny lokalitet ved Storevik.

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Flokenes Fiskefarm AS	Flokenes	6983	KVAMMEN